

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 16.03.2015

**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Rudlang

**SAKA GJELD:** **Status for gjennomføring av modellen "Framtidas lokalsjukehus" ved Nordfjord sjukehus**

**ARKIVSAK:** 2015/1629

**STYRESAK:** **039/15**

**STYREMØTE:** **07.04. 2014**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

## Oppsummering

«Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – Framtidas lokalsjukehus» utforma ein modell for desentraliserte spesialisthelsetenester på lokalsjukehusnivå, for å ivareta innbyggjarane sine behov for trygge og nære tenester. Prosjektet blei gjennomført på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Lokalsjukehusmodellen som blei utvikla, har eit indremedisinsk døgntilbod, inkludert akuttberedskap med anestesilege, skadepoliklinikk med beredskaps- og stabiliseringsfunksjon, eit breitt dagbehandlingstilbod, utvida og nye polikliniske tenester, psykisk helsevern og rusbehandling, ei «God start-eining» for svangerskaps- og barseltilbod, og støttetjenester. I tillegg er det inkludert eit dagkirurgisk tilbod.

Styra i Helse Førde og i Helse Vest behandla saker om Nordfjord sjukehus i januar og februar 2014. Styret i Helse Vest ønska å få ei orienteringssak om gjennomføringa av «Framtidas lokalsjukehus» ved Nordfjord sjukehus etter eit år.

Lokalsjukehusmodellen som følgjer av utviklingsprosjektet sine framlegg og vedtaka i styra, er i stor grad realisert, og nokre tiltak er framleis under etablering. Nordfjord sjukehus har i dag viktige lokalsjukehusfunksjonar for innbyggjarane, og fleire pasientgrupper får eit lokalt tilbod som dei ikkje hadde tidlegare.

Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter har i dag nye tenester i tillegg til dei tilboda som er vidareførte. Innanfor mange fagområde er kompetansen styrka. Ombyggingar er utført og nytt utstyr er anskaffa, og sjukehuset framstår som moderne og funksjonelt.

Utviklingsprosjektet har også på fleire område gitt drivkraft til utvikling av tenestene i heile Helse Førde. Ein har fått større grad av felles fagutvikling mellom sentralsjukehuset og dei to lokalsjukehusa, der fagmiljøa på sentralsjukehuset støtter fagpersonane på lokalsjukehusa. Dette er viktig for å oppretthalde og utvikle kvalitet og pasienttryggleik.

## Fakta

«Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – Framtidas lokalsjukehus» har i samsvar med oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, utforma ein modell for desentraliserte spesialisthelsetenester på lokalsjukehusnivå som skal ivareta innbyggjarane sine behov for trygge og nære tenester. Modellen for Nordfjord sjukehus er vurdert som robust og berekraftig i eit lengre perspektiv. Den er basert på behova til innbyggjarane i Nordfjordregionen, sett ut frå befolkningsstørrelse, alderssamansetting og forbruk av spesialisthelsetenester. Modellen tek omsyn til den geografiske konteksten, tilgjengeleg kompetanse og organisatoriske tilhøve.

Modellen inneber eit lokalsjukehus med indremedisinsk døgntilbod, inkludert akuttbereidskap med anestesilege, skadepoliklinikk med beredskaps- og stabiliseringsfunksjon, eit breitt dagbehandlingstilbod, utvida og nye polikliniske tenester, psykisk helsevern og rusbehandling, ei «God start-eining» for svangerskaps- og barseltilbod, og støttetjenester.

Basert på omfattande faktagrunnlag er modellen retta inn mot dei store pasientgruppene som i framtida vil ha størst behov for helsetenester lokalt. Prosjektet samarbeidde tett med kommunane om oppgåvefordeling, og modellen legg opp til tett samarbeid og fleksibilitet mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Prosjektet leverte sluttrapport i mars 2013 og denne blei sendt på ei brei høyring.

Mange av høyringsuttalane i samband med utviklingsprosjektet understrekte at eit dagkirurgisk tilbod vil vere ein viktig del av tilbodet ved eit lokalsjukehus. I brev i oktober 2013 skreiv dåverande statsråd Jonas Gahr Støre at fråværet av dagkirurgitilbod ved Nordfjord sjukehus var ein mangel som ein burde søke å rette opp. Statsråden bad Helse Vest vurdere om dagkirurgi burde vere ein del av framtidas lokalsjukehus generelt, og i Nordfjord spesielt.

Hausten 2013 blei det derfor gjort ei fornya vurdering av det faglege grunnlaget for å etablere dagkirurgi ved Nordfjord sjukehus. Resultat frå denne fornya vurderinga saman med utgreiingane frå utviklingsprosjektet, er lagt til grunn for saka som blei lagt fram for styra i Helse Førde og Helse Vest.

Styret i Helse Førde behandla forslaga frå prosjektet og den fornya vurderinga av dagkirurgi 24. januar 2014, og vedtok i sak 007/2014 å etablere eit avgrensa dagkirurgitilbod ved Nordfjord sjukehus.

Styret i Helse Vest behandla to saker knytt til Nordfjord sjukehus i møte 5. februar 2014. I sak 15/14 Høyring - Sluttrapport "Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus" blei følgjande vedtatt:

1. Styret i Helse Vest seier seg godt nøgd med arbeidet i «Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus – framtidas lokalsjukehus», og sluttar seg til modellen som er utvikla og ber Helse Førde om å realisere planen. Styret deler administrasjonen sin vurdering av at det må etablerast lokal leiing for å understøtte gjennomføring av modellen.
2. Løysingane som er valt framstår framtidretta, og styret konstaterer at det er stor semje om hovudgrepa i modellen. Modellen kan gi nyttige innspel til andre helseføretak, til kommunalt utviklingsarbeid og til arbeid med ny nasjonal helse- og sjukehusplan.
3. Spørsmålet om dagkirurgi vil styret ta stilling til i eiga sak.

Vedtakupunkta i sak 16/14 Vurdering av dagkirurgi ved Nordfjord sjukehus, var:

1. Styret i Helse Vest slår fast at det skal etablerast eit dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus.
2. Tilbodet må ha eit omfang på om lag 60 operasjonsdagar i året. Kataraktkirurgi (grå stær) vil vere eit sentralt område. Helse Førde må fortløpande vurdere alle andre fagområde ut frå behov, ventetider og bemanning innanfor dei ulike fagområda. Kvalitet og pasienttryggleik må vere avgjerande i val av fagområde.
3. Helse Vest vil bidra til å dekke kostnadene til nødvendige investeringar og meirkostnader til drift med inntil kr 4 mill. til drift og inntil kr 8 mill. som eit eingongsbeløp til nødvendige investeringar.

Styret ønska å få ei orienteringssak om gjennomføringa av «Framtidas lokalsjukehus» ved Nordfjord sjukehus (NSH) etter eit år.

### Kommentarar

Status for vedtak om etablering og vidareføring av tenester er kort skildra i tabellen nedanfor:

Tenestetilbodet ved Nordfjord sjukehus jf. Utviklingsprosjektet sluttrapport og styresaker	Status for etablering og vidareføring av tenester
<p><b>Indremedisinsk døgntilbod</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• (akuttberedskap med anestesilege) ✓</li> <li>• Hjarteinfarkt ✓</li> <li>• Infeksjonar ✓</li> <li>• Lungesjukdommar ✓</li> <li>• Mage-tarmsjukdommar ✓</li> <li>• Blodsjukdommar ✓</li> <li>• Geriatri/eldremedisin; akutt funksjonssvikt hos eldre ✓</li> <li>• Palliasjon ✓</li> <li>• Akutte lette til moderate forgiftingar ✓</li> <li>• Akutt hjerneslag ✓</li> </ul>	<p>Alle dei opplista tenestene er vidareført ved den indremedisinske sengeposten på Nordfjord sjukehus. Kompetansen er styrka ved tilsetjing av to nye faste legar med spesialisering innan indremedisin og kardiologi, og ved vidareutdanning og etterutdanningar av sjukepleiarar innan ulike prioriterte fagområde; som hjarte, lunge, kreft, slagsjukepleie. Medisinsk klinikk/avdeling har arbeidd for å styrke og vidareutvikle felles fagforståing og – praksis, og rutinar for kva problematikk som skal handterast på kva nivå. Det er etablert faste hospiterings-/lærearenaer mellom Førde sentralsjukehus og Nordfjord sjukehus. Telemedisin/ teleslag er teke i bruk mellom anna når nevrolog ved Førde sentralsjukehus styrer behandlinga av pasientar med akutt hjerneslag på Nordfjord sjukehus.</p>
<p><b>Skadepoliklinikk – beredskap, stabilisering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny modell, integrering med interkommunal legevakt ✓</li> </ul>	<p>Skadepoliklinikk er samlokalisert med interkommunal legevakt. Den føreslegne modellen, der kommunane har ansvaret på kveld</p>

<b>Tenestetilbudet ved Nordfjord sjukehus</b> jf. Utviklingsprosjektet sluttrapport og styresaker	<b>Status for etablering og vidareføring av tenester</b>
	og natt, er etablert ved at Helse Førde sin skadepoliklinikk er open på dagtid, medan legevakta til Nordfjordkommunane er open frå klokka 16.00 – 06.00 kvardagar og heile helgane. Poliklinikken er open på dagtid, og har beredskapsvakt som er tilgjengelig for legevakta ved behov for assistanse. Den interkommunal legevakta har også telemedisinsk utstyr og høve til å konsultere spesialist via akuttmottak ved Førde sentralsjukehus kveld/natt og helg. Telemedisinsk kommunikasjon mellom skadepoliklinikk og Ortopedisk avdeling er under etablering.
<p><b>Breitt dagbehandlingstilbod</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medikamentell kreftbehandling (vidareført og styrka) ✓</li> <li>• Infusjonspoliklinikk/behandling (utvida/nytt) ✓</li> <li>• Dialysetilbod (styrka, om lag dobla) ✓</li> <li>• Hjarterehabilitering (nytt) ✓</li> <li>• KOLS-skule (nytt) ✓</li> <li>• Læring- og mestring (nye tilbod) ✓</li> </ul> <p>Bilete frå den nye dialyse-eininga:</p> 	<p>Dei vedtekne tenestene er etablerte. Tilbodet om <i>medikamentell kreftbehandling</i> er styrka ved utvida behandlingmoglegheiter lokalt. Infusjonspoliklinikken tilbyr dagbehandling til pasientar; medikamentell kreftbehandling, blodtransfusjon, biologiske legemiddel og anna. Tilbodet vert gitt i nye, fine lokale som gjev høve for å behandle fleire samstundes, og der det også er tilbod om infusjonsbehandling til andre pasientgrupper (nevrologi/revmatologi). Behandlinga vert utført i nært samarbeid med spesialister v/FSS. Det er etablert rutiner for samarbeid og ambulering mellom sentralsjukehuset og lokalsjukehuset. Lokalt hjelpepersonell har fått særskilt opplæring. <i>Dialysetilbodet</i> er styrka som planlagt, og har i dag 7 mot tidlegare 3 plassar, herunder ein isolatplass. Tilbodet vert gjeve i nye lyse lokale, med nytt utstyr. <i>Hjarterehabilitering</i> er etablert som eit fylkesdekkande tilbod. Hjarterehabiliteringa er eit samarbeid mellom medisinsk avdeling og Nordfjord psykiatrisenter. Det er etablert nært samarbeid med lokalsjukehuset i Lærdal og sentralsjukehuset i Førde, slik at vidare</p>

<b>Tenestetilbudet ved Nordfjord sjukehus</b> jf. Utviklingsprosjektet sluttrapport og styresaker	<b>Status for etablering og vidareføring av tenester</b>
	<p>oppfølging og opptrening etter rehabiliteringskurset på Eid skjer lokalt. Tilbudet har vorte etablert av lokal lærings- og meistringskoordinator. <i>LMS-koordinatoren</i> har også sett i gang fleire nye tilbod lokalt, etablert tett kontakt med kommunane og arrangert fleire kurs. Nokre av dei tilboda som er etablert/gjennomført det siste året; KOLS-skule, kurs innan diabetes og cøliaki for barn, palliasjon, ADHD og Parkinson. Diverse fagdagar som samhandling mellom sjukehus og kommunale behandlarar og pleiarar. Kurs for hjarterehabilitering som er godkjent som del av spesialistutdanninga. Startkurs diabetes type II.</p>
<p><b>Utvida og nye polikliniske tenester</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gastroenterologisk poliklinikk (styrka) ✓</li> <li>• Kardiologisk poliklinikk (styrka) ✓</li> <li>• Diabetespoliklinikk (vidareført) ✓</li> <li>• Lungesjukdommar; KOLS-tilbod (nytt) ✓</li> <li>• Slagpoliklinikk (styrka) ✓</li> <li>• Eldremedisinsk poliklinikk (nytt) ✓</li> <li>• Nevrologi (nytt) ✓</li> <li>• Revmatologi (nytt) ✓</li> <li>• ØNH, høyresentral (nytt) ✓</li> <li>• Auge; avtalespesialist (nytt) ✓</li> <li>• Gynekologi og fødepoliklinikk (endra) ✓</li> <li>• Barnepoliklinikk (vidareført) ✓</li> <li>• Hudpoliklinikk (vidareført) ✓</li> <li>• Ortopedi – skadepoliklinikk (vidareført/endra) ✓</li> <li>• Kirurgi (nytt)</li> </ul>	<p><i>Dei indremedisinske tilboda</i> er vidareførde og styrka, m.a. ved at det er to nye faste legar tilsett ved Nordfjord sjukehus, og at nye sjukepleiarar har fått vidareutdanning i hjarte, lunge, slag mv. Det er oppretta eit eige prosjekt som ser på etablering av <i>slagpoliklinikk</i>, og lokal sjukepleiar tek vidareutdanning i slagsjukepleie.</p> <p><i>Eldremedisinsk poliklinikk</i> for eldre med samansette vanskar (somatikk, mistanke om kognitiv svikt) er etablert i samarbeid mellom somatikk og psykisk helsevern. Tilbudet blir evaluert som nyskapande og som eit gode for dei eldre som slepp å reise fleire gonger for å få greia ut ulike tilstandar. Tilsvarande tilbod er no under etablering ved Førde sentralsjukehus.</p> <p><i>Nevrologisk og revmatologisk poliklinikk</i> er etablert nokre dagar i månaden (med fast ambulering). Eldre, skrøpelege pasientar blir prioritert for det lokale tilbodet.</p> <p><i>ØNH/Høyresentral</i> er etablert med topp moderne utstyr. Legar og audiograf ambulerer frå Førde.</p> <p>Ny privat <i>100 % augespesialist</i> er etablert, og i tillegg har to andre avtalespesialistar tilhald ved</p>

<b>Tenestetilbudet ved Nordfjord sjukehus</b> jf. Utviklingsprosjektet sluttrapport og styresaker	<b>Status for etablering og vidareføring av tenester</b>
	<p>sjukehuset delar av månaden.</p> <p><i>ØNH</i>: Det er etablert høyresentral, og Øyre-nase-hals-spesialistar frå Førde ambulerer fast til Nordfjord. Tilbodet er gitt i nye lokale, med nytt utstyr.</p> <p><i>Gynekologi og fødepoliklinikk</i> er styrka i samband med etablering av «God start – eininga,» mellom anna ved at Nordfjord sjukehus no har jordmor med ultralydkompetanse.</p> <p><i>Barnepoliklinikken</i> er vidareført med ambulerande legar.</p> <p><i>Hudpoliklinikken</i> er vidareført med lokalt hjelpepersonell og ambulerande lege, i tillegg nyttar avdelinga aktivt telemedisin i konsultasjonar.</p> <p><i>Ortopedisk</i> poliklinikk er vidareført som tilbod om kontrollar mv i samband med skadepoliklinikken.</p> <p>Det er ikkje etablert <i>kirurgisk</i> poliklinisk tilbod, men kirurgisk avdeling har lokalt tilbod med dagkirurgi etter eigen plan, sjå eige punkt om dette nedanfor.</p>
<p><b>Psykisk helsevern og rusbehandling (TSB)</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nytt akutttilbod ved DPS-et <b>V</b></li> <li>• Nordfjord BUP (vidareført) <b>V</b></li> <li>• Ruspost – fylkesdekkande døgntilbod og «Nordfjordmodellen» <b>V</b></li> </ul>	<p>Dei planlagde tilboda innan rus og psykisk helsevern er etablert. Rusposten er i full drift, og det er sengepost, dagtilbod, poliklinikk og ambulante tilbod til pasientar som treng behandling for rus og/eller psykiske lidingar ved Nordfjord psykiatrisenter. Den føreslegne «Nordfjordmodellen» er ikkje etablert, utifrå at rusposten er føresett fylkesdekkande.</p> <p>Nytt akutttilbod ved Nordfjord psykiatrisenter/DPS er under etablering i samarbeid med kommunane og ein samarbeider med kommunal legevakt.</p> <p>Barne- og ungdomspsykiatrien sitt polikliniske og ambulante tilbod er vidareført.</p>
<p><b>Endringar i fødetilbodet – «God start eining»</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barseltilbod <b>V</b></li> </ul>	<p>«God start»-tilbodet er etablert i samarbeid med alle kommunane i Nordfjord. Det er 24/7 bemanning ved Nordfjord sjukehus.</p>

Tenestetilbodet ved Nordfjord sjukehus jf. Utviklingsprosjektet sluttrapport og styresaker	Status for etablering og vidareføring av tenester
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Følgjetenester ✓</li> </ul>	<p>Jordmødrene har vakter på barseleininga i tillegg til at dei ivaretek svangerskaps-omsorga i kommunane, og har følgjeteneste. Jordmødrene tilbyr alle fødande som har behov eller ønske om det, følgje til sjukehus. To jordmødre har vakt, ei på sjukehuset og ei i ein av kommunane etter oppsett turnus. Helse Førde si avtale med Helse Møre og Romsdal inneber at kvinner kan velje å føde ved Volda sjukehus. Ved vurdering av risiko i samband med fødsel, vert fødsel planlagt ved Førde sentralsjukehus. Kvinner som har født får tilbod om barseloppford samant med partner ved Nordfjord sjukehus. Gravide får også tilbod om oppford i påvente av fødsel, og det er naudfødetilbod for å unngå transportfødsel. Sidan oppstart 1.oktober 2012 t.o.m. januar 2015 har 331 kvinner/par nytta seg av tilbodet. I same tidsrom har det vore 8 naudfødslar. Det blir gjort ei evaluering i form av følgjeforskning som er forventa å vere ferdig i april 2015.</p>
<p><b>Laboratorie- og røntgentenester, inkludert blodbank</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vidareført ✓</li> </ul>	<p>Det er ikkje gjort endringar i laboratorie- og røntgentenestene ved sjukehuset. Det er tenester 24/7 og det er radiolog tilstades heile tida. Sjukehuset har MR måndag til torsdag kl. 08.00 – 21.00 og fredag kl. 08.00 – 15.30.</p>
<p><b>Dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Etablert ✓</li> </ul>	<p>Dagkirurgisk tilbod vart etablert hausten 2014. Det er utført 135 operasjonar i prosjektperioden. Det er planlagt 60 operasjonsdagar 2015, herunder auge og arthroskopiooperasjonar før sommaren 2015. Sjå nærare orientering under.</p>

### Dagkirurgisk tilbod ved Nordfjord sjukehus

Eit prosjekt med deltakarar frå aktuelle avdelingar og personell frå Nordfjord sjukehus og Førde sentralsjukehus har arbeidd med utforming av tilbodet. Prosjektet er avslutta 31.12.2014, etter å ha gjennomført nokre operasjonsdagar, og det dagkirurgiske tilbodet er etablert.



Prosjektperioden har vore nytta til å prøve ut drift i avdelinga, parallelt med ombygging og om-innreiing av lokala. I prosjektperioden vart det operert 135 pasientar, fordelt på 11 dagar. Dei fleste av pasientane hadde venta om lag eit år på operasjon. Utførte inngrep i prosjektperioden: Sterilisering av menn, operasjon av trang forhud, handkirurgi (Carpal tunnel syndrom, ganglion, triggerfinger).

Det er planlagt 60 dagar med dagkirurgisk verksemd ved NSH i 2015. 30 dagar skal nyttast til grå stær operasjonar. 10 dagar skal nyttast til diverse kirurgi; blautdelskirurgi som hand, åreknutar, brokk og sterilisering. 14 dagar skal nyttast til arthroscopi kne. 6 dagar haust 2015 står førebels utan operatør, men dei skal truleg nyttast til å fjerne osteosyntese-materiale (skruar, plater mm).

Pasientgrunnlaget i Nordfjord er ikkje stort nok til å fylle 60 dagar med effektiv dagkirurgisk verksemd. Augepasientane vil i stor grad vere frå Nordfjord, men dei resterande 30 dagane vil det vere pasientar frå heile fylket, samt nokre pasientar frå andre fylke. Det er laga avtalar med operatør for 54 dagar i 2015. 5 spesialsjukepleiarar frå Nordfjord sjukehus vil få tilbod om prosjektstillingar i Dagkirurgisk avdeling, med stillingsstorleik svarande til planlagt dagkirurgisk verksemd ved NSH. Anestesilegen ved NSH skal vere disponibel for Dagkirurgisk senter alle dagar der det føregår operasjonar som krev støtte frå anestesilege. Avdelingssjef ved Dagkirurgisk senter i Helse Førde er ansvarleg for drift av tilbodet.

Ved prosjektslutt er det kostnadsrekna investeringar for 8,49 mill. kroner. Desse midlane er nytta til medisinsk-teknisk utstyr, inventar og ombygging. Driftsmidlane er i 2014 nytta til prosjektarbeid, planlegging og drift av 11 dagar med operasjonsaktivitet.

Kostnadsoverslag dagkirurgi ved NSH						
Post.	Beskrivelse	Investering	Driftskostnad	Inv.kostnad	Differanse	Status
1	Phacomaskin	kr 600 000,00	kr 50 000,00	kr 832 500,00	kr -232 500,00	Er levert
2	IOL-Master	kr 400 000,00	kr 20 000,00	kr 343 750,00	kr 56 250,00	Er levert
3	Mikroskopi	kr 850 000,00	kr 20 000,00	kr 831 312,00	kr 18 688,00	Er levert
4	Operasjonsstol	kr 300 000,00		kr 180 000,00	kr 120 000,00	Er levert
5	4 stk oppdekningbord	kr 125 000,00		kr 70 000,00	kr 55 000,00	Er levert
6	1 stk Operatørstol	kr 120 000,00		kr 40 248,00	kr 79 752,00	Er levert
7	Ultralydvaskemaskin	kr 15 000,00			kr 15 000,00	Uavklart
8	Dekontaminator				kr -	Mulig havari
9	Instrument	kr 700 000,00		kr 352 000,00	kr 348 000,00	Delvis levert
10	Anestesiapparat 2 stk	kr 2 000 000,00	kr 80 000,00	kr 1 300 000,00	kr 700 000,00	Installasjon i veke 10
11	Sprøytepumper PK 2 stk	kr 50 000,00	kr 8 000,00	kr 93 750,00	kr -43 750,00	Er levert
12	Monitor på overvaking 2 stk	kr 120 000,00		kr 120 000,00	kr -	Ikkje bestilt
13	c-bue	kr 1 000 000,00			kr 1 000 000,00	Kontraktfase
14	Operasjonsbord gjennomlysbar 1 stk	kr 500 000,00	kr -		kr 500 000,00	Kontraktfase
15	Grunnbrikker 5 stk	kr 200 000,00		kr 200 000,00	kr -	Ikkje bestilt
16	Operasjonslampe	kr 250 000,00			kr 250 000,00	Kravspesifikasjon
17	Kontainer 5 stk	kr 90 000,00			kr 90 000,00	Ikkje bestilt
17	Sitastol 4 stk	kr 100 000,00		kr 80 905,00	kr 19 095,00	Er levert
	Diatermi	kr 120 000,00	kr 5 000,00			Uavklart
	Diverse utstyr og MTU  , ane bord, venflontralle	kr 300 000,00	kr 200 000,00	kr 202 192,00	kr 97 808,00	ikkje spesifisert
18	Avskrivning (8år)		kr 700 750,00		kr -	
20	Div. ombygging	kr 650 000,00		kr 460 000,00	kr 190 000,00	Sjå arealplan
21	Førebuing - Oppføring/bli kjent (KAI)		200000			Oppstartkostnad
22	Ambulering lege		500000			Ihht avtale.
23	Ambulering sjukepleiar		224000			Ihht avtale.
24	Reiser og opphald ((1.000+900)*3)*30		171000			Bil, diett, overnatting
25	Sykepleier fra NSH + sterilisering (4.400Kr)		66000			Nordfjord
26	Forbruksmateriell		150000			
27	Administrasjon /Pasientreiser mm		kr 1 000 000,00			
	<b>SUM</b>	<b>kr 8 490 000,00</b>	<b>kr 3 394 750,00</b>	<b>kr 5 106 657,00</b>	<b>kr 3 263 343,00</b>	

Er levert
Ikkje ferdig
Ikkje bestilt/uavklart

## Stadleg leing

Stadleg leiar NSH er tilsett og starta 05.01.2015. Stillinga er underlagt administrerande direktør i Helse Førde, og skal rapportere til han eller den adm. direktør peikar ut.

Ansvar og oppgåver for stadleg leiar:

- samordningsansvar, koordinerande funksjonar mellom øvrige leiarnivå ved NSH
- rapporterer til direktørmøtet i Helse Førde.
- har møterett i leiarmøte ved Nordfjord Psykiatrisenter.
- rapporterer til beredskapssjef i saker som gjeld lokale beredskapsplanar og er adm.direktør sin kontaktperson i lokal beredskapsleing ved mobilisering knytt til kriser eller katastrofer
- har ansvaret for at sjukehuset er koordinert slik at den faglege og administrative standard er høg, og at det er tilrettelagt for kontinuerleg fagleg og administrativ utvikling og effektivisering.
- har ansvar for samordning av utviklingsarbeidet relatert til gjennomføring av «Framtidas lokalsjukehus», og skal rapportere særskilt på dette arbeidet.
- medverkar, i samarbeid med føretaksleinga, i førebuingar av informasjon til styret, og koordinerer informasjon om vedtak gjort i styret i Helse Førde eller anna overordna styremakt.

## Samhandlingstiltak

Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus har generert fleire samarbeidsprosjekt med kommunane som er viktig for pasienttryggleiken, som t.d. legemiddelhandtering, smittevern/hygiene og kvalitetsstyrking i kommunane og på sjukehuset.

*Prosjekt trygg legemiddelhandtering* er gjennomført i regi av sjukehusapoteket ved hjelp av farmasøyt som har hatt kontorstad på Nordfjord sjukehus. Prosjektarbeidet har skjedd i samarbeid med Helse Førde og kommunane. Sluttrapporten er klar mars 2015. Prosjektet er evaluert som vellukka både av sjukehuset og kommunane, og kommunane vil truleg vedta vidareføring. Helse Førde vil nytte restmidlar frå prosjektet til vidareføring av utviklingsarbeidet, med fokus på trygg legemiddelhandtering på sjukehuset og i overgang til heim/omsorgstilbod i kommunen.

*Prosjekt smittevernførebygging/hygienearbeid* og styrking av kvalitetsarbeidet blei starta opp hausten 2014, med eigen prosjektmedarbeidar ved Nordfjord sjukehus. Siktemålet er kompetansestyrking og eit langsiktig pasienttryggleiksarbeid på sjukehuset og mot kommunane. Prosjektet vil bidra til lokal implementering av ulike programtiltak i det regionale pasienttryggleiksprogrammet.

*Prosjekt telemedisin* har vorte gjennomført som eit delprosjekt saman med eit større fylkesdekkande prosjekt, der alle kommunane har delteke. Utviklingsprosjektet har hatt ein medarbeidar i 100 % stilling i delar av 2014. Det har vorte gitt opplæring både internt og eksternt, og Helse Førde tilbyr støtte i bruk av utstyret. Ein har fått på plass utstyr i sjukeheimar. Det er no utstyr ved alle fastlegekontor i Nordfjord, og det er etablert høve for konsultasjonar mellom legevakta ved Nordfjord sjukehus og ortopedisk poliklinikk/akuttmottaket. Det er etablert undervisning til/mellom kommunane og lokasjonane i Helse Førde, m.a. frå utviklingssenteret for sjukeheimar, frå Helse Førde om ulike faglege tema og ein prøver ut behandling/konsultasjon innan fleire fagområde.

*Samhandling om FOU/kvalitetsutvikling:* Det er sett av midlar til samhandling som enno ikkje er nytta. Ein planlegg å nytte desse til etablering av ordningar kor kommunane medverkar til forskning. Det gjeld til dømes utgreiing/forskning på pasientar som har fleire lidingar og treng ulike typar tenester, og som i større grad enn andre er avhengige av lokale tenester. Prosjektet vil bidra til lokal implementering av ulike programtiltak i det regionale pasienttryggleiksprogrammet.

*God start-tilbodet* (sjå tabellen over) er også eksempel på eit vellukka samhandlingsprosjekt, som har gitt eit felles føreseieleg tilbod for gravide og fødande/barselkvinner i Nordfjord, ved oppfølging, kontrollar, følgjetenester og barseltilbod. Samarbeidet mellom alle kommunane i Nordfjord og Helse Førde har hatt positiv innverknad på styrking av fagmiljøet og rekruttering/stabilisering av jordmødrene i regionen, og felles utvikling av deira kompetanse.

### **Kompetanseutvikling – ambulering**

Utviklingsprosjektet sette av midlar til kompetansestyrking. Det er laga plan for kompetanseutvikling ved Nordfjord sjukehus, og tiltaka blir suksessivt gjennomført. Midlane har utifrå kartlegging av samla behov vorte nytta til vidareutdanning innan ulike former for

sjukepleie, til hospitering, kurs og til opplæringstiltak for pasientar, pårørande og personell i og utanfor sjukehuset. Kompetansetiltaka har hatt som mål å sikre god kvalitet og berekraftige tenester ved sjukehuset. Legar ambulerer frå Førde sentralsjukehus til Nordfjord sjukehus for å gje tilbod til pasientar og for å bidra til kompetansestyking og felles rutinar i føretaket. Det er etablert hospiteringsordningar begge vegar mellom sentralsjukehus og lokalsjukehus i føretaket, og dette bidrar til å sikre felles fagleg forståing og prosedyrar.

### **Lokalisering av kommunale tenester ved Nordfjord sjukehus**

Kommunane i Nordfjord (Selje, Vågsøy, Hornindal, Stryn, Eid) har etablert øyeblikkeleg-hjelp sengepost ved Nordfjord sjukehus samlokalisert med og i samarbeid med medisinsk sengepost. Kommunane fekk løyvd 150 000 kr av prosjektmidlane (samhandlingstiltak) til etableringa. Vidare har kommunane felles legevakt, legevaktstelefon og kreftkoordinator ved sjukehuset.

### **Andre ombyggingar**

I utviklingsarbeidet har det vore eit mål å få betra informasjon og fasilitetar for pasientar som kjem til sjukehuset. Det er no kome på plass felles inngang, ein open resepsjon kor pasientar kan henvende seg og få hjelp, og eit lyst og fint venteareal.

Ambulansebasen vert i desse dagar flytta inn på Nordfjord sjukehus, og det er bygd nye, tidsmessige lokale for dei tilsette og garasjeplassar for bilar og materiell.

### **Kommunikasjon**

Utviklingsprosjektet la til grunn at modellen kan gi nyttige innspel til andre helseføretak, til kommunalt utviklingsarbeid og til arbeid med ny nasjonal helse- og sjukehusplan. I perioden 2013-2015 har det vore ei rekkje besøk på Nordfjord sjukehus for å sjå og høyre om lokalsjukehusmodellen.

Helse- og omsorgsdepartementet besøkte Nordfjord sjukehus i samband med oppstart av arbeidet med nasjonal helse- og sjukehusplan. Både statsråd Jonas Gahr Støre og etterfølgjande statsråd Bent Høye besøkte sjukehuset. Fremskrittspartiets leiar Siv Jensen har også vore på besøk. Det har også Helse Sør-Øst og Helse Nord. Helse Vest hadde styremøte på Nordfjord sjukehus juni 2014, og fekk orientering om tenestene.

Det har vore ei rekkje føredrag, innlegg og orienteringar om utviklingsprosjektet og lokalsjukehus-modellen, m.a. for Folkebevegelsen for lokalsjukehusene, Helsedirektoratet, styringsgruppa for Helse Nord sitt prosjekt for utforming av eit spesialisthelsetenestetilbod i Alta, Kommunenes sentralforbund, Nasjonal konferanse om akuttberedskap i Trondheim, nasjonalt AD-møte (RHF-a og HF-a), Legeforeningen og Utposten (blad for allmenn- og samfunnsmedisin).

## Vurdering

Nordfjord sjukehus har i dag viktige lokalsjukehus-funksjonar for innbyggjarane, og mange får eit lokalt tilbod som dei ikkje hadde tidlegare.

Det vil vere eit kontinuerleg arbeid med å tilpasse og utvikle tenestene. Faktorar som vil verke inn på utvikling av lokalsjukehusstilbodet, er utvikling av tenestene i kommunane, føringar for arbeidsdeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane, og funksjonsfordeling i spesialisthelsetenesta.

Lokalsjukehuset skal tilby trygge tenester av høg kvalitet for dei pasientgruppene som særleg treng eit nært tilbod. I Sogn og Fjordane og Nordfjord vil den eldre delen av innbyggjarane auke i åra framover. Sjølv om det ikkje er likskap mellom å verte eldre og å vere sjuk, vil fleire blant dei eldre enn yngre ha behov for spesialisthelsetenester. Og ein del vil ha fleire lidingar og ha behov for fleire/hyppige behandlingar. Det vil vere behov for samordning av tenester.

Den eldremedisinske poliklinikken er ein start på å tilby tenester med ei meir heilskapleg tilnærming til pasientane. Her får pasientane greia ut mistanke om både psykiske og fysiske lidingar. Denne tilnærminga vil truleg bli kravd innan fleire område i tida framover.

Pasientane vil krevje og få ei sterkare rolle i å definere eigne behov og kvar dei ønskjer å bli behandla. Helse Førde sitt tilbod må difor vere tilpassa og innfri dei forventningane pasientar med kroniske og langvarige lidingar og dei mest vanlege tilstandane har.

Det må arbeidast kontinuerleg med å rekruttere og stabilisere kompetansen lokalt, og å sikre at ambuleringsordningar mellom sentral- og lokalsjukehus vert vidareført. Helse Førde sitt system for gjennomgåande og felles kvalitetssikring på tvers av lokasjonar er viktig for å oppretthalde og utvikle kvalitet og pasienttryggleik.

Lokalsjukehuset på Nordfjordeid er i dag ei viktig kjede i det totale spesialisthelsetenestetilbodet for innbyggjarane i Sogn og Fjordane. I samsvar med målet om å bli best på «det folk flest» skal ha hjelp til, er det i dag mange fleire som får eit lokalt tilbod. Utviklingsprosjektet har også på fleire område gitt drivkraft til utvikling av tenestene i heile Helse Førde. Ein har fått større grad av felles fagutvikling mellom sentralsjukehuset og dei to lokalsjukehusa. Der ein tidlegare i stor grad baserte seg på at legane, t.d. innan indremedisin, på lokalsjukehuset var åleine og måtte ha litt kunnskap om alt, har ein no etablert ei felles fagleg kjede frå lokalsjukehus til sentralsjukehus. Fagpersonane på lokalsjukehuset har i dag støtte frå fagmiljøet på sentralsjukehuset, det er etablert felles opplæring, hospitering og gjennomgåande kvalitetsprosedyrar.

## Konklusjon

Utviklingsprosjektet sine framlegg og dei vedtekne tiltaka er i stor grad gjennomførde. Fleire pasientgrupper enn tidlegare får eit tilbod lokalt. Nordfjord sjukehus og Nordfjord psykiatrisenter har i dag nye tenester i tillegg til dei tilboda som er vidareført. Innan mange fagområde er kompetansen styrka. Ombyggingar er utført og nytt utstyr er kjøpt inn, og sjukehuset framstår som moderne og funksjonelt.

Nokre tiltak er framleis under etablering. Utviklingsprosjektet har involvert alle avdelingar og fagområde i Helse Førde, og det som er sett i gang bidrar til utviklingsprosessar både lokalt i Nordfjord og i Helse Førde elles. Dette gjeld til dømes eldre medisinsk poliklinikk, kor tilsvarande tilbod no vert etablert ved Førde sentralsjukehus etter modell frå Nordfjord. Utviklingsarbeidet ved Nordfjord sjukehus kan slik seiast å ha gitt positive «ringar i vatn» som ikkje var føreset.

Utviklingsarbeidet har vore i gang sidan starten av prosjektet, og vil halde fram. Ein viktig lærdom i tillegg til utvikling av tenestene, er at ein ser at utvikling vil vere ein kontinuerleg prosess. Helse Førde har også fått nyttige erfaringar frå korleis slike prosessar kan organiserast, med involvering av fagfolk på alle nivå internt, og frå eksterne.